



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Arild Spissøy, 5557 2198

Vår dato  
02.03.2015

Vår referanse  
2015/3306 520

Dykkar dato  
«REFDATO»

Dykkar referanse  
«REF»

Kommunane i Hordaland

# Forventningsbrev landbruk 2015

## 1. Innleiing

Landbruks- og matdepartementet (LMD) har gitt Fylkesmannen i oppdrag å følge opp nasjonal landbruks- og matpolitikk regionalt og lokalt. Ein del av oppdraget er å formidle forventningar til kommunane.

Fylkesmannen i Hordaland har tidlegare år gjeve melding til kommunane om ulike oppdrag og korleis midlar vert fordelt i fleire forskjellige brev. Vi ynskjer med dette brevet å samle fleire tema i same utsending.

Brevet vert sendt til alle kommunar i Hordaland. Det er ulikt tal gardar og landbruksaktivitet i Hordaland. Her finn ein informasjon som er aktuell for alle kommunane, sjølv om ikkje alle tema er like aktuelle for alle.

Brevet byggjer på Fylkesmannen sitt embetsoppdrag og på jordbruksavtalen 2014 – 2015.

Brevet er ikkje meint å vere ei fullstendig liste over kva kommunane skal gjere på landbruksområdet i inneverande år. Brevet er ei presisering av viktige ansvarsområder som Fylkesmannen er sett til å kontrollere og informere om, og skal vere eit grunnlag for å løfte viktige saker høgt på agendaen. Fylkesmannen vil vektlegge dette i sin forvaltningskontroll.

---

Statens hus  
Kaigaten 9, 5020 Bergen  
Telefon: 55 57 20 00  
Telefaks: 55 57 28 51

Landbruksavdelinga  
Postboks 7310, 5020 Bergen  
Org.nr: 974760665

E-post:  
postmottak@fmho.no  
Internett:  
[www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland)

## 2. Eigedomspolitik

### Lovforvaltning.

Kommunane skal fatte vedtak etter jord- og konsesjonsloven. Kommunen sitt mynde går fram av forskrift frå LMD 8. desember 2003 og Rundskriv M-6/2003. (Oppgåvene til fylkeslandbruksstyret blei overført til Fylkesmannen frå 01.01.2010. Rundskrivet er ikkje oppdatert med denne endringa).

### Driveplikt.

Frå juli 2009 har grunneigarar ei varig plikt til å halde dyrka mark i drift, enten som sjølvstendig drift eller utleige på min. 10 år med skriftleg avtale.

Det er kommunane sitt ansvar å sjå til at driveplikta vert overheldt.

### Gardskart.

Gardskartprosessen i Hordaland er stort sett slutført. Dette inneber at det er etablert gardskart for alle kommunar i Hordaland. Vidare fokus rettast mot ajourhald. Kommunane skal ha kontinuerleg ajourhald og kvalitetssikring av AR-5, matrikkel og landbruksregisteropplysningar. Fylkesmannen i Hordaland vil årleg, i samarbeid med Norsk Institutt for skog og landskap, tilby relevante kurs i ajourhald av AR-5.

### KOSTRA

Kommune-Stat-Rapportering (KOSTRA) gir statistikk om ressursinnsatsen, prioriteringar og måloppnåing i kommunar, bydelar og fylkeskommunar. For landbruk skal det rapporterast på følgjande områder:

- landbrukseigedommar og jordbruksføretak,
- omdisponering av dyrka og dyrkbar jord etter jordlova og etter plan- og bygningslova,
- søknader om omdisponering av dyrka og dyrkbar jord etter jordlova §9 og §12,
- nydyrking,
- deling av eigedom etter jordloven §12,
- landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling.

Fylkesmannen er ikkje direkte involvert i denne rapporteringa, men vil likevel minne kommunane på krava til rapportering for ajourhold av viktig statistikk.

Landbruksdirektoratet svarer på spørsmål om rapportering og utfylling av skjema.

## 3. Forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak.

Elektroniske søknader – (produksjons- og miljøtilskot, erstatningsordningar)  
Elektroniske søknader gjer raskare og sikrere sakshandsaming. Kommunen skal bidra til å auke tal elektroniske søknader via Altinn. Skulle kommunane likevel få inn papirsøknader, må desse registrerast i sakshandsamingssystemet for dei enkelte ordningane.

### Tilgang til fagsystema i Landbruksdirektoratet

Fagsystema brukast til sakshandsaming i landbruksdirektoratet. Tryggleiken til desse systema er viktig. Bare personar med behov for tilgang, skal ha tilgang. Både oppretting av nye

brukarar og endring av tilgang, eksempelvis til å omfatte fleire system, skal skje skriftleg. Vi ber kommunane melde frå om brukartilgangar som skal slettast.

### Produksjonstilskot og avløyning til ferie og fritid

Produksjonstilskot er tilskot til føretak som driv god landbruksproduksjon og leverer varer. Det er mykje nytt i produksjonstilskotsregelverket frå og med 1. januar 2015. Det er viktig at kommunen set seg inn i det nye regelverket.

Nokre av dei viktigaste endringar i førehald til utgåande forskrift:

- Krav om omsetjing over kr 20.000,- eller vera MVA-registrert er vekke.
- Botnfrådraget er auka til kr 6.000,-.
- Kravet til «vanleg jordbruksproduksjon» skal skjerpast. Eksempelvis er produksjonskravet til ku no at ho må ha kalva i løpet av dei siste 15 månadene og ha ein viss avdrått, for å kunne verte rekne som tilskottsberettiga.
- Sau har fått ein felles kategori for all sau over 1 år, denne inkluderer vinterfôra sau og utegongsau.
- Miljøplanen, slik vi kjenner han, er vekke. No er det berre gjødselplan og sprøytejournal som skal kontrollerast.
- Tilskot til avløyning ved ferie og fritid: maksimal refusjon er auka med 2,1 %, det gjer eit maksimalt beløp på kr 73.500,-.
- Avløysartilskotet kan ikkje lenger utbetalast til avløysarlaget, berre til søkjaren.
- Frå og med 2015 må *alle* føretak dokumentere avløysarutgifter for å få desse refundert.
- Særreglane for samdrifter er avvikla. Samdrifter er fellesføretak.
- Det er verdt å merke seg at ein i søknadsskjema som gjeld januar 2015 skal krysse av for om ein er i driftsfellesskap med eit anna føretak eller ikkje. Reglane/ indikasjonane for kva som er eit driftsfellesskap finn ein i rundskriv 2014-29 frå Landbruksdirektoratet.

Eit stort tal søknader om produksjonstilskot og tilskot til avløyning kjem til manuell utbetaling på grunn av mangelfulle søknader som ikkje vert fanga opp i den kommunale sakshandsaminga, jamfør punkt 3.1. Manuelle utbetalingar gir mykje ekstra arbeid for kommunane. I tillegg gir det forseinka utbetaling av tilskot til føretaka. Kommunane skal, i si sakshandsaming, sørgje for at manuelle utbetalingar, så langt som råd, vert unngått.

Kommunane skal handsame søknad om produksjonstilskot *innan ein månad* etter søknadsfristen for gardbrukarane. Søknader som ikkje vert handsama innan Landbruksdirektoratet stengjer datasystema, fører til ekstra arbeid for Fylkesmannen. Søknadsfristen går fram av rundskriv frå Landbruksdirektoratet for kvar søknadsomgang.

### Tidlegpensjon for jordbrukarar

Jordbrukarar som har fylt 62 år og som har drive jordbruk i minst 15 år, kan få tidlegpensjon. Det vert stilt krav til inntekt i ein referanseperiode på fem år, sjå Landbruksdirektoratet sine heimesider for detaljer. Det er ein føresetnad at landbrukseigedommen er overdrege til ny eigar eller at forpaktingsavtalen er oppsagt. Ny eigar kan ikkje vere ektefelle/sambuar.

Det er også mogleg å ta ut tobrukarpensjon. Då må ektefelle/sambuar ha fylt 57 år før utbetaling kan starte. Både brukar og ektefelle/sambuar må fylle alderskrava før det vert utbetalt tidlegpensjon. Ektefelle/sambuar må ha budd og arbeidd på landbrukseigedommen dei siste fem åra.

### Sjukdomsavløysing

Tilskot til avløysing ved sjukdom og fødsel mv skal bidra til å finansiere avløysing i føretak som driv husdyrproduksjon eller heilårsproduksjon i veksthus. For føretak som driv plante- eller honningproduksjon kan ein bidra til finansiering av avløysing i onnetida.

Ei ny forskrift om denne tilskotsordninga tredde i kraft 1. januar 2015.

Nytt av året er mellom anna:

- 70 års aldersgrensa er vekke. No kan også personar over 70 år få tilskot til sjukeavløysing.
- Ved sjukdom hos barn kan det gjevast tilskot gjevast til og med det kalenderåret barnet fyller 12 år. Dette gis til oppfølging av barnet i samband med sjukdom eller skade, eksempelvis å følgje barn til legeundersøking.
- Det er opna for at det kan gjevast dispensasjon (frå Fylkesmannen eller Landbruksdirektoratet) frå regelen om at det berre kan gjevast tilskot til avløysing ved sjukdom for ein person per føretak.
- Tilskot til avløysing ved sjukdom kan berre utbetalast til bonden, ikkje den som avløyser.

### Erstatningsordningane

Erstatningsordningane i landbruket omfattar erstatningar etter offentlege pålegg og etter klimaskade. Kommunen har viktige oppgåver ved erstatning etter klimabetinga skader, som omtalt i rundskriv. Kommunane må snarast mogleg kontrollere søknadene, sjå til at all nødvendig dokumentasjon er lagt ved, gje uttale, og sende dei til Fylkesmannen for avgjerd.

Ordninga med erstatning for tap av sau på beite er avvikla. Siste moglege søknadsår var for beitesesongen 2014 med søknadsfrist 31.12.2014. Ordninga må ikkje forvekslast med erstatning for tap av sau til rovdyr, som framleis eksisterer.

Bakgrunnsinformasjon: [Erstatningsordningar – Fylkesmannen i Hordaland](#)

### Kommunal veterinærteneste.

Kommunen skal sørgje for tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell, og kommunen har ansvaret for å organisere ei klinisk veterinæravt i sitt område.

For at kommunane skal vere i stand til å organisere desse oppgåvene, ytes det ulike tilskot:

- Vakt- og administrasjonstilskot vert fordelt av Kommunenes sentralforbund etter dialog med Den norske veterinærforening. Vakttilskotet gjeld for tida utanfor ordinær arbeidstid.
- Stimuleringstilskot vert tildelt Fylkesmannen og vert disponert av kommunen.

## 4. Krav til kontrolltiltak

Kontroll skal vere ein viktig del av kommunen sitt arbeid på landbruksområdet. Kommunen skal gjera stadleg kontroll hos landbruksføretaka for å kontrollere at opplysningar gitt i søknadene stemmer. Dei ordningane kommunen er sett til å administrere skal dei også kontrollere. Minimum 5-10 prosent av føretaka skal kontrollerast kvar år.

Tidlegare kontrollar har synt at det er ein del misforhold mellom det som er oppgjeve i *Søknad om tilskot* og dei faktiske tilhøva på gardane.

I kontrollarbeidet skal ein vektleggje kontroll med produksjons- og miljøtilskot. Alle føretaka skal vurderast i forhold til driftssamarbeid, og i forhold til «vanleg jordbruksproduksjon». Ved indikasjonar om brot på desse føresetnadene skal dette kontrollerast.

Dersom kontrollen avdekker brot på regelverket, skal det sanksjonerast. Sanksjonsmidlar kan vere tilbakehald, avkorting og/eller at føretaket vert meldt til politiet.

Kommunen skal ha ein plan for kontrollarbeidet. Denne planen skal innehalde ei risikovurdering som grunnlag for føretak som skal kontrollerast.

Fylkesmannen gjennomfører årlege kontrollar av kommunane si forvaltning av verkemidlar der kommunane har delegert forvaltningsmynde. Under dette skal Fylkesmannen sjå til kommunane sitt kontrollarbeid. Fylkesmannen går gjennom avviksrapportar i produksjonstilskot utarbeida av Landbruksdirektoratet.

I 2015 planlegg Fylkesmannen å gjennomføre forvaltningskontrollar i 6 kommunar.

## 5. Skogbruk

### Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)

Landbruksdirektoratet har for 2015 gjeve Hordaland ei ramme på 1.5 mill. kroner til skogkultur. Dette skal fordelast til kommunane i 2015. Ramma for tilskot til vegbygging og drift med taubane er 7,9 mill. kroner i 2015.

Den kommunevise fordelinga av NMSK-midlane går fram av budsjettfordeling i Økonomisystem for skogordningene (ØKS).

Ikkje alle kommunar har behov for tilskot til skogkultur kvart år, noen kommunar har difor i utgangspunktet ikkje fått tildeling (sjå ØKS). Midlane kan verte fordelte om mellom kommunane ved behov.

Nytt frå 2014 er at det ikkje lenger kan gjevast tilskot til uttak av skogsvirke til bioenergiformål ih.t. § 8, *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*.

### Kriterier for deling av midlar til skogkultur

Fylkesmannen oppmodar kommunane, Vestskog SA og Nortømmer AS i starten av nytt budsjettår å melde inn forventede skogkulturaktivitet. Følgjande kriterier vert lagt til grunn;

- Forventede behov for planting og ungsogpleie, basert på tidlegare års areal med hogst i kommunen.

- Forventa behov for planting som skogreising/treslagsskifte.
- Forventa behov for suppleringsplanting etter avgang/skader.

### Skogbruksplanlegging med miljøregistreringer

Hovudplan skogbruksplanlegging vert revidert i 2015 som grunnlag for prioriteringar av nye takstprosjekt. Pågåande områdeplanlegging for Fusa, Tysnes og Kvinnherad vert avslutta våren 2015.

### Kontroll av skogforynging

Tilfredsstillande forynging etter hogst er ein nødvendig del av et langsiktig og berekraftig skogbruk. Skogeigar er gjennom skogbruksloven pålagt å sørge for dette.

Landbruksdirektoratet organiserer systematisk oppfølging og kontroll av foryngingsplikta. Kommunane utfører:

- Kommunane skal utføre resultatkontroll, jf. uttrekk frå Landbruksdirektoratet.
- Kommunane skal utføre foryngingskontroll, jf. uttrekk frå Landbruksdirektoratet.

Frist 31.12.15.

### Tilskot til vegbygging og drift med taubane

Tilskotta for dette vert vidareført. Retningsliner for tilskot til skogsvegbygging og drift med taubane 2015 er publisert på [www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no)

## 6. Næringsutvikling innan jordbruk- og bygdenæringar

### Landbruksrelatert næringsutvikling

Landbruksnæringa skal vere integrert i utviklingsarbeidet i kommunane. I Hordaland er det to fylkesvise planar som omhandlar prioriteringar knytt til landbruksbasert næringsutvikling:

- *Regionalt bygdeutviklingsprogram for Hordaland 2013 - 2017*, frå Fylkesmannen, som m.a. omfattar Regionalt næringsprogram for Hordaland, og
- *Landbruksmelding for Hordaland 2014-2017*, frå Hordaland fylkeskommune, som særleg tar for seg problemstillingar kring rekruttering til landbruket.

Desse plandokumenta omtaler kommunane si rolle i arbeidet med landbruksbasert næringsutvikling.

Som lokal utviklingsaktør er det viktig at kommunane sørgjer for at landbruket er ein integrert del av næringsutviklingsarbeidet i kommunen.

Kommunane er dei første til å handsama søknader om bygdeutviklingsmidlar. Ei god sakshandsaming i første line er viktig for vidare saksgang og resultat.

Fylkesmannen skal sjå til at kommunane integrerer landbruk i sine næringsutviklingsstrategiar.

## 7. Produksjon av miljøgoder og reduksjon av forurensning

### Vatnforskrifta

Godkjente planer på vassområdet skal leggast til grunn for bruk av miljøverkemidla i åra framover. Vi forventar at kommunane tek omsyn til dette i si forvaltning av miljøverkemidlar på landbruksområdet. Aktuelle tiltak kan til dømes vere etablering av fangdam og vegetasjonssone langs vassdrag. Vi forventar også at kommunane brukar Vann-nett i sakshandsaming, til dømes ved nydyrkingstiltak og dispensasjon for spreietid av husdyrgjødsel.

Data om tilstand i vassførekomstane kan vere usikre. Kommunen er med sin lokalkunnskap viktig bidragsyter for å sikre datakvaliteten.

### Spesielle miljøtiltak i jordbruket

Landbruksdirektoratet har for 2015 gjeve Hordaland ei ramme på 5,5 millionar kroner til Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL). SMIL-tilskot skal frå 2015 avgrensast til føretak som kan få produksjonstilskot. SMIL-forskrifta, rundskriv og søknadsskjema skal oppdaterast. Fram til ny forskrift føreligg skal noverande forskrift nyttast.

Kommunen si forvaltning av midlane skal skje innanfor ramma av SMIL-forskrifta og tilhøyranse rundskriv frå landbruksdirektoratet. Kommunen vel dei tiltaka som vurderast å gje størst miljøeffekt ut frå prioriteringane i Regionalt miljøprogram (RMP), og spesielle lokale utfordringar. Kommunane skal medverke til ei aktivitetsfremmande forvaltning og prioritere dei tiltaka som let seg gjennomføre innan fristane satt i framdriftsplanen.

God og aktivitetsfremjande forvaltning som er i samsvar med forskrift og rundskriv for SMIL, tilpassa dei lokale miljøutfordringane, og i samsvar prioriteringane i RMP, er viktige kriterier for den årlige fordelinga av SMIL-midlane mellom kommunane.

Kommunevis fordeling er gjort ut frå ei rad kriterier. Mellom anna kommunane sine meldingar om kommande prosjekt. Har ein gode prosjekt i kjømda så kan desse rapporterast inn i år og påverke fordelinga for 2016. Fordelinga går fram av vedlegg A.

### Tilskot til drenering

Kommunen skal lyse ut tilskot til drenering av jordbruksjord og fastsetje søknadsfrist. Det er utarbeidd eige søknadsskjema som kan nyttast. Vedtak blir fatta av kommunen.

Ubrukte midlar frå tidligare år er trekt tilbake. Hordaland har ca. 1,66 millionar kroner til fordeling mellom kommunane i 2015. Av dette har vi no fordelt 1,33 millionar. 60 prosent av midla er fordelt etter storleik på fulldyrka areal i kommunen, med halv vekt av overflatedyrka areal i tillegg. Resten av midla vert fordelt i samsvar med aktivitetsnivå tidlegare år og vurdert behov. Kommunevis fordeling går fram av vedlegg B.

Resterande 20 % av midla blir helde tilbake, slik at dei kommunane som først disponerer sine tildelte midlar kan melde om ytterligere behov og få ekstra midlar. Fylkesmannen vil i tillegg vurdere å fordele om på midlar som ikkje er disponert per 1. september. Vi ønskjer aktivitetsfremjande forvaltning av midlane, då erfaringane frå 2013 og 2014 viste at mange kommunar ikkje brukar tildelt ramme, medan andre kommunar har behov langt utover tildelt ramme.

Lenke til bakgrunnsinformasjon og nyttig informasjon: [Tilskot til drenering av jordbruksjord – Fylkesmannen i Hordaland](#)

### Autorisasjon plantevern

Fylkesmannen i Hordaland kan utstede autorisasjon for kjøp og bruk av plantevernmiddel. Fylkesmannen forventar at kommunen har ansvar for å avhalde eksamen. Kommunen har lesetilgang til autorisasjonsdatabasen.

## 8. Klimautfordringene

Både jordbruket og skogbruket har viktige roller i arbeidet mot klimaendringane. Fylkesmannen ber om at utfordringar og tiltak innan landbruket vert teke med og følgt opp i kommunane sine klimaplanar.

For skogbruket kan dette omfatte CO<sub>2</sub>-binding i skog, auka bruk av tre som byggemateriale og som energikjelde.

Ved utarbeiding eller revisjon av kommunen sin klima- og energiplan er det m.a. naturleg å sette fokus på gjødsling, tiltak som reduserer utslipp til luft frå husdyrgjødsel, samt auka bruk av bioenergi.

Fylkesmannen forvaltar midlar i Klima og miljøprogrammet. For 2015 har Hordaland fått tildelt kr 500 000. Kommunane kan søke om midlar dersom dei ønsker å gjennomføre informasjonstiltak på miljøområdet. Midlane vert lyst ut med søknadsfrist 15. april. Eigne retningslinjer er utforma for ordninga, sjå vedlegg C.

## 9. Økologisk landbruk

Det er en nasjonal målsetting at 15 % av landbruksareal og matforbruk skal vere økologisk innan 2020. Vi er eit stykke unna dette målet. Det inneber at kommunane, som har best kontakt med aktørane i næringa, bør vere aktive med å informere om moglegheitene innan økologisk dyrking og produksjon.

Når det gjeld forbruk av økologisk mat, kan kommunen sjølv vurdere å sette krav eller utarbeide retningslinjer for økologisk mat i sin organisasjon, eksempelvis i kommunale kantiner.

Fylkesmannen i Hordaland er, saman med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Føregangsfylke for arbeid med å auka produksjonen av økologisk frukt og bær. Meir om dette kan ein lese om på nettsida til Fylkesmannen.

## 10. Rapportering og fristar:

Søknad om produksjonstilskot og avløysartilskot, frist for bonden 20. januar

Søknad om informasjonstiltak på miljø- og klimaområdet: 15. april

Innmelding av kandidatar til kulturlandskapsprisen 2015 : 30. april

Søknad om produksjonstilskot, frist for bonden 20. august

Innmelding av behov for SMIL-midlar 2016: 15. oktober

Resultatkontroll, jf. uttrekk frå Landbruksdirektoratet – skog: 31. desember

Foryngingskontroll, jf. uttrekk frå Landbruksdirektoratet – skog: 31. desember

Med helsing

Lars Sponheim

fylkesmann

Åse Vaag

landbruksdirketør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*